



Møtereferat

Dato: 28.03.2017

Emne:	Regionalt næringsforum, referat frå møte 28.03.2017	
Til stades:	Bård Sandal (leiar), Anne Kverneland Bogsnes, Åse Vaag, Nina Broch Mathisen, Roald Kvamme, Dag Rune Olsen, Mette Nora Sætre, Elin Sjødin Drange, Mette Fagerli Geir Anton Johansen (innleiar HVL), Jone Engelsvold (innleiar HFK), Inge Døskeland (referent),	
Forfall:	Astrid Toft, Mona Røsvik Strømme, Tom Knudsen	Sak: 2014/1323-48
Møtetid:	Tysdag 28. februar 2017 kl 11:30 – 15:00	Møtestad: Høgskulen på Vestlandet (HVL) Nærregion Bergen, Campus Kronstad

Hovudtema for møtet var regional forskingsstrategi. Kva mål er nådd og korleis få verdiskapingsresultat og samfunnsutvikling i Hordaland ved hjelp av forskning.

Møteplan:

Sak 09/17 Korleis påverkar etableringa av den nye høgskulen utviklinga på Vestlandet? (til kl. 09.20)

Dekan på Høgskulen på Vestlandet (HVL) «Avdeling for ingeniørutdanning og økonomifag», Geir Anton Johansen, orientere om den nye høgskulestrukturen og om samhandling mellom kunnskapsmiljøa og næringslivet (vedlegg 1).

Dag Rune stilte spørsmål om omfang av samarbeid med næringslivet. Særleg HVL Stord/Haugesund har reine næringsprosjekt på bachelor nivå. Vanskelig å anslå eksakt grad av samarbeid med næringslivet, men ekstern finansiering har auka grunna meir samarbeid med UiB. Mette: Skattefunn utgjør ein vesentleg del. Mohn senteret er nøkkel ved å leggje til rette for samarbeid med bedrifter og etablering av FoU prosjekt.

Sak 10/17 Godkjenning av referat frå møtet 01.02.2017 (til kl. 09.25)

Utkast til referat var lagt ved sakspapira (vedlegg 2).

Framlegg til vedtak:
«Referatet godkjennast».

Sak 11/17 Disponering av restmidlar kompensasjonsmidlane Kvam herad, tilråding til fylkesutvalet (til kl. 09.40)

Saka er ikkje klar for handsaming då det er oppstått spørsmål om habilitet som må avklarast.

Vedtak:
«Saka vart trekt».

Sak 12/17 Regional forskingsstrategi Hordaland 2015-2019 Hordaland, kommentarutgåve med oppdatert vedlegg – statusgjennomgang (til kl. 10.40)

Seniorrådgjevar i fylkeskommunen Jone Engelsvold gjekk gjennom hovudtrekka i strategien med fokus på revisjon av kunnskapsgrunnlaget. Vedlegg 3.

Bård: Saka er løfta fram for RNF fordi vi er sentrale i utarbeidinga av planen. Gjennomgang av strategien, bakgrunn og prosess, syner at planen speglar samansetninga av RNF. Det er viktig å styrke samarbeidet for å betre utnytte finansiering i partnerskap innan dei 26 resultatmåla.

Gjennomgangen syner uutnytt potensial for meir forskning i næringslivet. Interessant å samanlikne fylke, til dømes Buskerud og Kongsberg miljøa som ikkje har universitet og meir direkte næringsrelasjonar. Måloppnåing, resultatoppnåing (Vedlegg 3); Innovasjon i kommunal sektor. 67% av kommunane har no vore i inngrep med RFFV som aktiv partner der dei definerer problemstilling meir enn å verte «forska på». Mindre kommunar er underrepresentert. Internasjonalt samarbeid og finansiering. Fleire søknader til H2020. UiB er gode på H 2020!

Dag Rune: UiB har suksess med H2020 prosjekt innan eit bredt spekter av tema; til dømes medisin, arkeologi, hav, klima. UiB har klart størst tilslagsprosent. Basalforskning må og i aukande grad på plass. Forskningsadministrativ avdeling er interessert i å bruke H2020 prosjektsamarbeidet for å få på plass kontakt med næringslivet.

RFFV. Fleire gode søknader, auke frå 45 – 69 tilsegn. Auka aktivitet på 40% har samanheng med omstillingsbehovet. Dreining av føringane i utlysningane frå å være bransjespesifikke til å rette seg meir mot omstilling. Forprosjekta trigger nye miljø til å komme gang med forskning.

Dag Rune (Vedlegg):

UiB, rolle i innovasjonssystemet. Strategisk grep: Samarbeide. Omlegginga av høgskulesystemet fører til færre institusjonar, til dømes UH Nett Vest. Fusjoneringa påverkar relasjonar til næringslivet. Døme på volum i næringsrelaterte prosjekt i innovasjonssystemet, UiB har næringslivsavtaler for kr. 300 mill.. Omsetning i prosjekt var på omlag kr. 70 mill. i 2016. I tillegg kommer innsats i klyngene, NCE er osb.. Meste parten av midlane går gjennom konsernmodellen med UNI, BTO, CMR og universitetet. I tillegg er høgskulen viktig partner der mye har med undervisning å gjere.

UiB er sentral i å realisere kunnskapsklynger, til dømes Media City Bergen. Klimaklynge vert realisert i slutten av mai (dette er ei FoU klynge som tek inn næringsperspektiv, men som i utgangspunktet er forskingsbasert). Science city er forsinka i høve til innsats frå dei industrielle partane. Den marine forskingsklynga er nærare å verte realisert. Konseptval utgreiing (KVU) peiker på at samanslåing av dei marine institusjonane gjer meirverdi. KS1 rapport som nærare kan vise lokalitetsval er venta før sommaren. Næringslivet flytter allereie til Marineholmen.

Aktiviteten i BTO er aukande. Det er fleire selskap med «milliard potensiale». Vi har ikkje fått etablert fleire sentre som til dømes SFI ar. Noko kan forklarast av manglande langvarig dialog med næringspartane. Søknadene får god score på kvalitet.

Kan H2020 bli en portal til nasjonale sentre? Dette er en god kopling!

Nina (Vedlegg):

Fleire klyngeprosjekt, NCE Seafood, NCE Tourism og NCE design fikk lenging. Ikkje auke i tal, men auka status. NCE ane styrker arbeidet ved å tilsetje FoU ansvarlege i stab. Klyngeforum er etablert i Rogaland. Det er i utgangspunktet tilstrekkeleg mange forum. Kan RNF ha etablering av nye klyngjer på agendaen to gonger i året? Trebasert klynge er døme på mogleg nytt initiativ. Vidare klyngje med tema reiseliv og oppleving i Voss regionen. Det er initiativ i Sunnhordland, kva skjer med fagarbeider versus robotisering? Helseklynge Årstadvollen har utgangspunkt i tungt kunnskapsmiljø, men kan ha for få kommersielle aktørar. Vidare har finansklyngje med basis i bank, og fornybar energi vore nemnt. 15. mai er søknadsfrist for ordningane. Miljøteknologi ordninga har veldig auke, særleg «havromsrelaterte» prosjekt. Det same gjeld FoU innovasjonskontraktar.

Mette (Vedlegg)

Skattefunn. Generell auke innan alle parameter. Dei bruksretta programma har hatt auke i tal prosjekt, men nedgang i finansiering. DEMO 2000 liknande program for marine/maritime næringar med utlysning i mai som svar på den nye havmeldinga. BIA Helse har fått ekstra kr. 45 mil for mobilisering av næringslivet. Industrielt sett er Hordaland meir enn eit 10% fylke. Tal nærings PhD burde slik sett vore høgare.

Jone

Kor bør vi ha større innsats? Er det trong for nye resultatmål?

Roger: Er vi flinke nok til å vise oss fram for næringslivet (jf. SINTEF)? Gjerne meir fokus på senter innan helse, t.d. ARENA prosjekt.

Nina: Godt dokument, la strategien ligge fast fortsatt. Fra kommunane er helserelaterte spørsmål i fokus, men og fornybar energi opp mot IN visningssenter og klyngeinitiativet til UiB, energilab.

Dag Rune. Det trengs «kulturarbeid» i næringslivet for at dei skal identifisere kva problemstillingar som treng forskning. H2020 er ei stor ressurs som og bør nyttast meir av verksemder med lite internasjonal erfaring.

Nina. Positiv utvikling. Havnæringane er tydelege og i føring. MCT er interessant der det offentlege ofte er bestillar (t.d. el-ferjer) i samarbeid med næring. Viktig at bedriftene er i førarsete for klyngeinitiativ. Korleis kan RNF bidra? Forstår kunnskapsinstitusjonane og bedriftene kvarandre? Har vi ein rolle her?

Dag Rune replikk: Det som skil oss er manglande mobilitet og dels ulik bruk av omgrep. Vi har heller ikkje diskutert digitalisering som transformativ kraft. Innan «helse» er gjerne Oslo klynga meir internasjonalsert og vi er kanskje svakare enn til dømes Danmark på å skaffe kompetent kapital til nye farmasøytiske produkt.

Roald: Viser til HFK si rapport om internasjonalserting opp mot H2020. Ei rekkje døme på suksessprosjekt. Vi veit at grøn skipsfart er sentralt. Mange verft og reiarar slit med å få innpass i grøn teknologi. Mismatch med finansieringsordningar, men enormt potensiale. Å flytte transport frå veg til sjø er særst aktuelt. Vi har komplette klynger. Kvifor klarer vi ikkje dette? Bioøkonomi er eit anna døme. Viken har prosjekt på biogass, fiskeavfall. Manglar marknad og brukarar. Vi har ansvar som brukar av biogass. Bedrifter ser trong for fagskule innan robotisering. Det vert tilbod til hausten etter initiativ frå Osterøy. Fylkeskommunen bør etablere møteplassar.

Åse: Klynge for tre har eit godt miljø for mogleg ARENA prosjekt. Har fått til signalbygg.

Bård: Forslag, RNF tek klyngediskusjon 2 gonger i året

Mette: Klynge versus helse, det skal satsast på helsenæringane. Vanskelig å finne aktørar.

Tenke utradisjonelt, innan helse kan t.d. Janus og Hardangerbestikk vere partnarar?

Dag rune: Detalj, side 25 er det feil i eit avsnitt

Roger: Fiskeavfall og biogass. Kan ein nytte larver til fiskefor?

Jone: Oppsummert tolka at det ikkje trengs radikale grep. RNF kan spele opp til endringsforslag vidare. Vi har mange allereie fleire fora og ordningar, prosjektverkstad er nyttig.

Sak 13/17 «Kapasitetsløftet» regional satsing for forskingsbasert innovasjon (til kl. 11.00)

Orientering om status for ordninga og konkrete prosjektinitiativ knytt til Forskringsrådet sitt program «Kapasitetsløftet» ved Jone Engelsvold.

Diskusjon:

Prosess vidare, mulig politisk vedtak.

Jone;

- Om ordninga FOR Region, kapasitetsløftet (sjå vedlegg)
- Næringslivet sitt behov er avgjerande premiss, men søknadene skal tydeleg koplast til regionale strategiar (som er utvikla i partnarskapen)
- Bør vere minst eit initiativ frå Hordaland. Innhaldet i skissene er til no utvikla ulikt langt, men det betyr ikkje at ideane i dei enkle skissene treng vere «svakare.
- Oppstilling av initiativa (vedlegg), UNI har to initiativ
- Miljøet innan geofysisk er lenger komen enn det skisseideen tilseier
- Prosess: Fleire skisser sendast til NFR for vurdering. Deretter prioritere ein eller to vi står saman om. FoU forum og RNF junimøtet er arena for vidare handsaming. Det kan etablerast ein arbeidsgruppe. Ynskjer RNF å ha denne rollen?
- Mette: Avgjerande å treffe næringslivet sitt behov. Positivt at feire av skissene er allereie er knytt til klyngene. Fagmiljøa som har denne koplinga er lengst komen.
- Dag Rune. Skissene treffer sentrale næringsområde.
- Nina: Havet har store muligheiter. Fleire av prosjekta er modne for akkurat dette. Kombinere moden bransje med område der det er potensiale for ytterlegare auka verdiskaping.
- Bård: Havrommet aktuelt frå MCT. Det kan vere teneleg å forankre ei fylkeskommunal prioritering av søknader gjennom politisk sak til fylkesutvalet. Fylkeskommunen vil utarbeide tilbakemelding til søkjarane om vidare prosess og timeplen.
- Stenseide: Finansielle hindringar og tersklar. Kopling til næringsklyngene og dei sentrale fagmiljøa vert prioritert.
- Mette saknar reiselivsnæringane. Kva er gåsehudsopplevingar? Vi har lite forskarar innan reiseliv.
- Åse. Mat og reiseliv, stadig sterkare forskning etterkvart.

Selvik Bjørg, Prorektor kom til møtet

Sak 14/17 Nytt og nyttig. (til kl. 11.10)

Orienteringssak, Rapport IN – HNH, Oppsummering av leveransane/ resultatata for 2016. (vedlegg 4).

- IN rapport til orientering
- Bård: Fylkesutvalet vedtok HNH 23. februar. Programmet er difor gjeldande politikk. Vert no publisert i ulike format og kanalar. FUV sett av kr. 4 mill til dei regionale innovasjonsfonda. Kr. 9 mill er til disposisjon. Innspel frå klyngene at partnarskapsavtalane med HFK er viktige uavhengig av storleik på driftsstøtte. Det er avsett kr. 2 mill i tilleggsbevilling til klyngene. I tillegg kr. 1 mill øymerka til oppfølging av havstrategien ved søkbare prosjekt i grenseflata mellom klyngene.
- Anne: Positivt at det er få varslar om massepermitteringar og oppseiingar. Ledighet for dei under 30 år og innvandrargruppene går og ned. Langtidsledige fortsatt bekymring. Bergen kommune har omfattande planar om tiltak.

- Nina. Distriktsmidlane. Kjem tilbake med orientering til RNF. Voss region skil seg ut i 2016 grunna reiselivssatsinga, teknologi og mat/landbruk. Mykje av distriktsmidlane er brukt i sentrale strok. Etablerartilskot der Bergen og omegn har hatt høg etterspurnad (folk frå oljeindustrien). KMD ny klausul om at ein ikkje lengre kan gje etablerartilskot i sentrale strøk samtidig med at nasjonale midlar til IN vert redusert. Dette er tatt opp i møte mellom IN/HFK og KMD. Positiv dialog.
- Åse: 14 store melkebruk er finansiert. 1.1.2019 samanslåing av fylkesmannsembeta i Hordaland og Sogn og Fjordane. Lokalitet ikkje avgjort. Vil avhenge av personval.
- Elin: Skal forsterke merkevaren «Havbyen Bergen»..

Sak 15/17 Neste møte (til 11.20)

Neste møte i RNF er fastsett til å være på Bømlø 21. juni kl 07.00 til 19.00.

Sak 16/17 Eventuelt, lunsj (til 12.00)